



Skulemusikken sette ein ekstra musikalsk spiss på basaren i Omvikdalen.

**I går var det basar i Omvikdalen. Det var FAU veg Omvikdalen oppvekstsenter som var arrangør. Det vert meldt at tiltaket hadde som mål å skaffa inntekter som skal brukast til opparbeiding av uteområdet. På basaren framførte Uskedal skulemusikk ei konsertavdeling under sin faste dirigent Tor Skeie Olsen.**

Skulemusikken framførte Happy og Western Triologi som er eit stykke i 3 satsar. På det siste stykket var Frida Nybakk og Camilla M. Ripel solistar på kornett. Både korpset og solistane kom flott frå framføringa.

Dirigent Tor Skeie Olsen var fornøgd, og syntest det passa godt med ein opptreden for korpset no.  
- Sjølv om det alltid er kjekt å spela i Uskedalen, er det også kjekt og utviklande for dei unge muskarane å opptre for eit nytt publikum, la han til.

Etter fin musikk er eg sikker på at loddsalet gjekk unna blant dei frammøtte slik at det gav gode pengar til både tarzanløype og andre leikeapparat ved Omvikdalen oppvekstsenter.



Camilla og Frida var flinke solistar.

Foto: Anja Strüter  
Tekst og nett: Thor Inge Døsland